



Sakshandsamar: Gunn Helen Henne  
Telefon: 57 64 31 40  
E-post: [Gunn.Helen.Henne@fylkesmannen.no](mailto:Gunn.Helen.Henne@fylkesmannen.no)

Vår dato  
11.07.2014

Vår referanse  
2014/2138 – 461.2  
Rapportnummer  
2014.048.I.FMSF

Flora kommune  
Markegata 51  
6900 Florø

## Kontrollaksjon avløp 2014: Tilsyn hjå Flora kommune – krav om retting av avvik – vedtak om gebyr – varsel om vedtak om innsending av forpliktande framdriftsplan for å stette reinsekrev

Rapporten omhandlar funn som kontrollørane kunne observere eller på annan måte fekk kjennskap til under tilsynet. Funn vert omtalt som *avvik* frå krav i ureiningslova med forskrifter, *merknader* om forbedringspunkt eller *andre forhold* som kan vere viktig å omtale nærare. Rapporten omtalar også vedtak om kontrollgebyr.

Tilstades under kontrollen: Frå verksemda: Rune Kristiansen (fagansvarleg VA, Reidulf Refsnes (tenesteleiar), Katrine Reksten (ingeniør VA), Jorunn Reisæter (ingeniør VA), Hanne Morotaie (sekretær VA)	Frå miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen: Gunn Helen Henne Grete Hamre
Desse hovudtema vart kontrollert: <input checked="" type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input checked="" type="checkbox"/> Risikovurdering <input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input checked="" type="checkbox"/> Forskriftskrav <input type="checkbox"/> Anna:	<input type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input type="checkbox"/> Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) <input type="checkbox"/> Sikkerhetsdatablad <input type="checkbox"/> Substitusjon
Bakgrunn for kontrollen: <input type="checkbox"/> Frekvensbasert inspeksjon <input type="checkbox"/> Frekvensbasert revisjon <input checked="" type="checkbox"/> Kontrollaksjon <input type="checkbox"/> Ny verksemd (ikkje kontrollert før) <input type="checkbox"/> Nytt løyve (ikkje kontrollert før)	<input type="checkbox"/> Oppfølging av eigenrapport <input type="checkbox"/> Oppfølging av klage/hending/tips <input checked="" type="checkbox"/> Oppfølging av siste kontroll <input type="checkbox"/> Kartlegging <input type="checkbox"/> Anna

### Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist 4 avvik frå ureiningsregelverket, og gjeve ein merknad. Under punkt 8 i rapporten er det varsla vedtak om at kommunen skal sende Fylkesmannen ein forpliktande framdriftsplan for å stette reinsekrev. Tilbakemelding om retting av avvik må sendast til Fylkesmannen **innan 1. september**.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker frå rapporten vert motteken. Faktura for vedteke kontrollgebyr på kr. 12 000,- vert sendt frå Miljødirektoratet for innbetaling til staten.

Med helsing

Grete Hamre  
overingeniør

Gunn Helen Henne  
overingeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift*

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 65 50 55  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:  
[post@fmsf.no](mailto:post@fmsf.no)  
Internett:  
[www.fylkesmannen.no/sf](http://www.fylkesmannen.no/sf)

## 1. Informasjon om verksemda:

Namn på anlegg: <b>Sentrum (RD 3)</b>	Anleggsnr.: <b>1401.0037.01</b>
Namn på verksemda: <b>Flora kommune</b>	Organisasjonsnr.: <b>935473578 (KOMM)</b>
Besøksadresse: <b>Florø sentrum</b>	Kontrolldato: <b>12. juni 2014</b>
Postadresse: <b>Markegata 51, 6900 Florø</b>	Løyvedato og internt nr.: <b>17.11.2000 (2000.127.T)</b>
Risikoklasse:	<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert

## 2. Om kontrollen frå ureiningstilsynet

Tilsynet vart gjennomført for å granske om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av ureiningslova vert haldne. Kontrollen vart gjennomført ved gransking av dokument (skriftlege og elektroniske), og ved intervju av leiing og sentralt plasserte personar i organisasjonen.

Dette tilsynet er del av ein landsdekkande aksjon for å kontrollera om kommunane held miljøkrava til avløpsanlegga og om kommunane førebur seg godt nok på forventa klimaeffektar som til dømes auke i nedbørsmengde. Aksjonen er ei oppfølging av kontrollaksjonar som vart gjennomført i 2008 og 2010.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- mål og strategi for avløpssektoren
- handlingsplanar/saneringsplanar
- klimaendringar og klimatilpassing
- overløp
- leiingsnett
- akkreditert prøvetaking
- etterleving av reinsekrav
- driftsstabilitet i reinseanlegg
- risikovurdering av avløpsanlegget
- framdrift for stetting av reinsekrav gjeve i utsleppsløyvet

Rapporten inneheld omtale av avvik og merknader innan dei granska områda av ureiningsregelverket der Fylkesmannen har tilsynsansvar. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved denne kontrollen. Kommunen må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

Definisjonar:

<b>Avvik</b>	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrolllova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)
<b>Merknad</b>	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad. Merknadar kan gje grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak.

Vi gjer merksam på at de kan finne oversikt over miljøloverket på [www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no) eller vist til frå [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no). Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under [kap. 39 i ureiningsforskrifta](#).

### 3. Oppfølging etter kontrollen

Kommunen pliktar å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **1. september 2014** sende ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvika er retta og/eller ein tidfesta plan for korleis retting av avvik skal gjennomførast.

#### Orientering om tvangsmulkt

Dersom kommunen innan tidsfristen ikkje kan dokumentere at tiltak i høve til dei omtalte avvika er sett i verk, kan Fylkesmannen varsle tvangsmulkt til staten. Vedtak om tvangsmulkt vert nytta for å sikre gjennomføring av tiltak, og vi ønskjer å unngå å måtte be om inndrivning av forfallen tvangsmulkt.

### 4. Kontrollgebyr

Gebyrordninga for tilsyn frå Fylkesmannen vart orientert om som del av kontrollen. Gebyrsatsen for denne kontrollen skal vere bestemt av avløpsanlegget sin risikoklasse, som normalt er del av utsleppsløyvet. Florø kommune har ikkje formelt fått nytt løyve etter kapittel 14 med risikoklasse, men anlegget er vurdert som i same risikoklasse som dei to andre kapittel-14-anlegga i fylket. Vi varsla munnleg på kontrollen at sidan arbeidsmengd og tidsbruk for Fylkesmannen ved kontrollen av Flora kommune er lik som for dei to andre avløpsanlegga, vert også gebyrsatsen den same. Vi har ikkje motteke merknader til varselet som vart gjeve, og gjer difor vedtak i samsvar med det som vart varsla:

#### Vedtak om gebyr for kontroll

Gebyr for kontrollen er plassert i risikoklasse 3, jf. ureiningsforskrifta § 39-6 om gebyr for kontroll som varer inntil ein dag. Det vil seie at Flora kommune må betale kr. 12 000 i gebyr for den gjennomførte kontrollen.

Faktura vert send frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato.

Vedtaket om gebyr kan påklagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven, adresserast til klageorganet Miljødirektoratet, men må sendast via Fylkesmannen. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett ovanfor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følge, vert for mykje innbetalt gebyr refundert.

### 5. Offentleggjering

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentleglova.

## 6. Avvik

Desse avvika vart påviste under kontrollen:

### **Avvik 1 Akkreditert prøvetaking er ikkje innført ved avløpsanlegg i tettstaden Florø/Brandsøy**

**Avvik frå:** Ureiningsforskrifta § 14-11 (prøvetaking).

#### **Kommentarar:**

Flora kommune har inngått samarbeid med Driftsassistansen i Hordaland (DIHVA) for å oppnå akkreditert prøvetaking og dokumentasjon på reinseeffekt. Til no er det berre silanlegget i reinsedistriktet Sentrum som har vore omfatta. Det vart opplyst på kontrollen at det må gjerast ei ombygging i reinseanlegget som omfattar flytting av vassmålar og prøvetakingspunkt før ein kjem vidare i akkrediteringsprosessen. Oppdraget har vore ute på tilbodsrunde. Grunna manglande interesse for oppdraget blant entrepenørar, vert ombygginga no tatt inn som ein del av ei ny utlysing av eit større oppdrag med å oppgradere kapasiteten til silanlegget.

For utsleppspunkt med slamavskiljarar som reinsemetode, er det ikkje avklart kva tiltak som må til for å oppnå akkreditert prøvetaking eller anna dokumentasjon på tilstrekkeleg reinseeffekt.

Flora kommune ligg eit stykke lenger bak i løypa enn andre kommunar mht. å få på plass akkreditert prøvetaking. Vi ser at dette har samband med framdrifta for å oppnå primærreinskravet, men det er like fullt eit avvik frå regelverket.

### **Avvik 2 Kommunen har ikkje halde reinsekrava for utslepp til vatn i 2013.**

**Avvik frå:** Vilkår til utsleppsløyvet punkt 1.1. (reinseanlegg).  
Ureiningsforskrifta § 14-8 (utslepp til mindre følsamt område), jf. § 14-2 (definisjon av reinsegrad), § 14-9 (prøvetaking) og § 14-13 (vurderinga av analyseresultat).

#### **Kommentarar:**

Utsleppsløyvet for Florø/Brandsøy er av eldre dato. Ureiningsforskrifta sine reglar erstattar løyvekrava om avløpsnett, overvaking, utforming og drift av reinseanlegg, prøvetaking, analyse, vurdering av analyseresultat og varsling av avvik frå reinsekrav. Fylkesmannen har høve til å gje løyve til mindre omfattande reinsekrav etter § 14-8, altså primærreinsing, og til å utsetje reinsefristen til seinast 31.12.2015. Det er ikkje gjort formelt vedtak om dette, men det har vore ein føresetnad i prosessen om nytt utsleppsløyve at det blir gjort, og at det berre er reinseanlegget for Sentrum som inntil vidare har krav om primærreinsing. Flora kommune oppnår ikkje primærreinsing av utsleppa frå heile tettstaden i dag, og vil heller ikkje klare det innan 31.12.2015. Sjå elles punkt 9 om vidare oppfølging av dette.

Definisjonen av primærreinsing i ureiningsforskrifta seier at reinsekravet for både SS og BOF skal oppfyllest, enten som reinseeffekt eller som maksimalkonsentrasjon i utsleppet av dei to parametranne. Ureiningsforskrifta seier vidare at inntil to av tolv prøver fordelt over eitt år kan vere for dårleg reinsa utan at avløpsanlegget samla sett bryt reinsekravet.

For tre av dei tolv prøvane frå Sentrum reinseanlegg for 2013 er verken reinseeffekt eller konsentrasjon innanfor reinsekravet, for SS, BOF eller begge. Dette gjeld prøvane for februar, juli

og november i 2013. Reinseanlegget har dermed ikkje halde reinsekrava i utsleppsløyvet og ureiningsforskrifta.

### **Avvik 3 Miljørisikovurderingar for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillande**

**Avvik frå:** Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd punkt 6 (risikovurdering).

**Kommentarar:**

Asplan Viak har utarbeidd en risikoanalyse for kommunale avløpsanlegg i Flora kommune i 2004. Risikoanalysen er ikkje oppdatert sidan. I tillegg er det gjort ei risikovurdering for biologisk og kjemisk helsefare på kommunen sine VA-anlegg i 2010. Begge desse risikovurderingane er av eldre dato, og det har i mellomtida skjedd endringar. Flora kommune må lage ny risikovurdering for ytre miljø.

Risikovurderinga må innehalde vurdering og handtering av risiko for utslepp til ytre miljø frå avløpsanlegga, slik som risiko for utslepp til ytre miljø frå transportsystem og reinseanlegg. Ho må omfatte både akutte, uønskte og planlagde hendingar. Moglege problem som følgje av klimaendring og påslepp av prosessvatn frå industri bør også vere med. Det er utgjeve ein rettleiar om risikovurdering i avløpsanlegg (Norsk Vann, rapport 197/2013, sjå pkt 10 under), som kan vere eit nyttig verktøy i den vidare prosessen.

I rettleiinga frå Norsk Vann finn vi døme på prosessorientert metodikk for risikovurdering ved å ta for seg heile avløpsanlegget, reinsetrinn og utsleppspunkt for å kunne identifisere sårbare punkt for ulike hendingar. Dette kan vere utfordringar med til dømes:

- både felles- og separat system og periodar med hydraulisk overbelastning
- utslepp frå naudoverløp på pumpestasjon pga. flom, straumbrot mm.
- ujamn organisk belastning på reinseanlegga
- lukt frå slamhandtering
- vakante stillingar i kommunen innan VA-området
- sårbar resipient- drikkevatt nedstraums

Vedlegg 3 til rettleiaren innehelder ei basisliste for identifisering av hendingar og tilhøve som kan gje risiko for utslepp.

Når risikovurderinga er klar, må det utarbeidast handlingsplanar for å avbøte risiko. Planane må omfatte både tiltak, kven som skal gjere jobben og når jobben skal gjerast.

Skriftlege rutinar for risikohandtering av hendingar og tilhøve med uakseptabel høg risiko, og skriftlege rutinar for oppdatering av risikovurderinga må utarbeidast. Rutinane skal vise når risikoanalysen skal gjennomførast/oppdaterast, kven som skal ta ansvar for gjennomføring/revisjon, kven som skal delta på analysen og kven som skal ha ansvar for å følgje opp analysen og eventuelle tiltak.

### **Avvik 4 Avvikssystemet for avløpsanlegget har manglar**

**Avvik frå:** Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd punkt 7 (førebyggje lovbrøt)

**Kommentarar:**

Flora kommune har eit avvikssystem som dei nyttar for hendingar som vert vurdert som avvik innan teknisk drift, og har elles loggføring av mindre hendingar i eit eige system. Det er registrert

relativt få avvik per år, dei fleste av desse gjeld vassforsyninga. Det kan såleis verke som terskelen for kva som blir rapportert inn som avvik på avløpsområdet er noko høg. Det har ikkje vore rutine å oppsummere det som er registrert av mindre hendingar og driftsutfordringar, som ikkje har blitt vurdert som avvik.

Avvikssystemet skal m.a. gje systematisk oversikt over uønskte hendingar som kunne fått konsekvensar for ytre miljø. Her må alle typar avvik knytt til avløpsnett, overløp, reinseanlegg, utsleppmålingar og anna inngå. Kommunen står fritt til å ha fleire separate system for registrering av avvik og uønskte hendingar. Informasjonsflyten må likevel sikrast slik at alle avvik og nestenuehell som skjer, kan nyttast på ein samla og systematisk måte til både førebygging av nye/gjentekne avvik, i risikovurderingsarbeidet, og elles til læring og forbetring i kommunen sin internkontroll.

## 7. Merknader

Følgjande tilhøve ga grunn til merknader under kontrollen:

### **Merknad 1    Kommunen må gjere tilstrekkelege førebuingar for å tilpasse avløpsanlegga til framtidige klimaendringar**

#### **Kommentarar:**

Generelle klimaprognosar for Noreg og Vestlandet er ikkje omsett til verknader på Flora kommune sine avløpssystem. Det er ikkje gjort dokumenterte vurderingar eller modellutrekningar av kva for konsekvensar og verknader forventade framtidige nedbørsmengder og havnivå kan få på avløpsnett og reinseanlegg i kommunen. Flora kommune har såleis ikkje god oversikt over korleis avløpsanlegga i tettstaden Florø/Brandsøy vil bli påverka med omsyn til framtidige klimaendringar.

Flora kommune har likevel som følgje av dei generelle klimaprognosane sett opp fleire konkrete krav til handteringa av overvatn i den komande hovudplanen for avløp for 2014-2020. På kontrollen vart det også opplyst at kommunen har eit samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane om klimatilpassing, og at det vil bli eit kapittel om klima i den komande samfunnsdelen i ny sentrumsplan.

Flora kommune er i ein prosess der mykje av avløpssystemet vert endra og bygt om i løpet av dei komande åra. Fylkesmannen ventar at kommunen i samband med dette gjer nødvendige tiltak og tar høgde også for klimaendringane. Vi har difor vi ikkje vurdert dette som eit avvik no. Vi gjer likevel merksam på kor viktig det er at kommunen som del av den langsiktige planlegginga på avløpsområdet, vurderer både om det er behov for førebyggjande tiltak av ulike slag på avløpssektoren, og for kriseberedskap. Desse vurderingane må dokumenterast. Avløpsnett og reinseanlegg må vere tilstrekkeleg dimensjonerte, og dei må driftast og vedlikehaldast for å fungere tilfredsstillande.

## **8. Framdrift for å stette reinsekrav. Varsel om å oversende forpliktande framdriftsplan innan 31. desember 2014**

Flora kommune har i fleire år vore i løyveprosess etter kapittel 14 i ureiningsforskrifta, og har søkt Fylkesmannen om unntak frå sekundærreinkekravet for kommunalt avløp frå tettstaden Florø/Brandsøy, og utsetjing av primærreinkekravet. Kommunen vil ikkje klare tidsfristen (31. desember 2015) som ureiningsforskrifta set for å oppfylle primærreinkekravet.

Flora kommune er i slutfasen med ny hovudplan for vassforsyning og avløp for 2014-2020. Det er forventa at planen vert endeleg politisk vedtatt innan kort tid. Planen omfattar tilstandsbeskrivelse, mål, tiltaksvurderingar og val av hovudløysingar og ein handlingsplan for dei neste åra, med framdrift og kostnader.

Det er mellom anna sett eit mål om at over 20 utsleppstader for kommunalt avløp skal reduserast til mindre enn 10 på sikt. To prioriterte hovudtiltak i perioden 2014-2017 er å byggje eit nytt reinseanlegg (silanlegg) i Kanalen sør og utvide kapasiteten i det eksisterande silanlegget i reinsedistriktet Sentrum, slik at avløp frå andre reinsedistrikt kan overførast til desse.

Miljødirektoratet har gitt Fylkesmannen i oppgåve å innhente forpliktande framdriftsplanar frå dei kommunane som ikkje klarer å stette primærreinsekravet innan 31. desember 2015. Fylkesmannen kan setje nye tidsfristar for å stette primærreinsekravet på bakgrunn av framdriftsplanen. Vi forventar at kommunane held ei stram framdrift for å stette kravet. Fylkesmannen vil vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt for å sikre ei god nok framdrift.

Fylkesmannen vil presisere at tiltaka for å stette primærreinsekravet for tettstaden omfattar både det å byggje nye eller oppgradere avløpsreinseanlegg, og å overføre eksisterande utslepp innanfor Florø/Brandsøy tettstad til desse nye reinseanlegga.

Framdriftsplanen må minst innehalde:

- tekniske løysingar
- kostnader
- eventuell avhengigheit av andre tilhøve/prosjekt som kan påverke framdrifta og som ikkje kommunen rår over (til dømes samordning med vegutbygging)
- tidspunkt for når dei ulike tiltaka er ferdig gjennomført

For dei tiltaka som gjeld overføring av eksisterande utslepp til dei nye reinseanlegga ber vi om ei grunngjeving for:

- kvifor dei ulike tiltaka er prioritert slik dei er
- omtale av utsleppet som skal overførast (reinseanlegget sin funksjon, ureinsa, utsleppsdjupn, brukarkonfliktar, forureiningsverknader)

Fylkesmannen har heimel i forureiningslova § 51 til å innhente ein forpliktande framdriftsplan for å stette primærreinsekravet. For å halde god framdrift varslar Fylkesmannen med dette at vi vil fatte vedtak om at ein forpliktande framdriftsplan skal sendast Fylkesmannen innan 31. desember 2014.

Kommunen kan komme med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Fylkesmannen innan fire veker etter at denne rapporten er motteken.

## 9. Andre tilhøve

- Flora kommune har ikkje fått fornya utsleppsløyve etter nytt avløpsregelverk frå Fylkesmannen. Flora kommune skal etter kontrollen sende over dei siste opplysningane som manglar, slik at søknaden kan leggjast ut til offentleg ettersyn og løyvet slutførast i løpet av hausten.

## 10. Informasjon til verksemda

I tillegg til gjennomføring av kontrollen, vart det gitt informasjon om

- Ny rettleiar om risikovurdering for ytre miljø i avløpsanlegg ([Norsk Vann, rapport 197/2013](#))

## 11. Dokumentgrunnlag for kontrollen

- Ureiningslova (*lov 13.3.1981 om vern mot forurensninger og om avfall*).
- Ureiningsforskrifta (*forskrift 1.6.04 nr. 931 om begrenning av forurensning*), hovudsakleg kapittel 11 og 14 i avløpsdelen.
- Internkontrollforskrifta (*forskrift 6.12.96 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter*), med vekt på ytre miljø
- Utsleppsløyvet frå Fylkesmannen, dagsett 17.11.2000.
- Tidlegare kontrollrapport frå avløpskontroll i Flora kommune i 2008, og informasjon frå brevkontroll i 2010.
- Dokumentasjon frå Flora kommune oversendt i samband med denne kontrollen og i samband med søknaden om nytt utsleppsløyve.